



ÅRDAL
HUNDEKLUBB

ÅRSMELDING 2017



I 2017 har styret i hundeklubben vore samansett slik;

Verv	Namn	Periode
Leiar	Laila Røneid	2017
Nestleiar	Nina F.H. Hunderi	2017/2018
Sekretær	Elise Fretheim Neverdal	2017/2018
Kasserar	Bodil H. Selland Nordnes	2016/2017
Styremedlem	Oskar Seim	2017/2018
Styremedlem	Hilde Johanne Myklebust	2016/2017
Vara	Anders Lindborg	2016/2017
Revisor	Aud Andersen	2016/2017
Revisor	Rune Hunderi	2016/2017

Valkomite 2017

Leiar	Hilde Johanne Myklebust	2017/2018
Medlem	Rune Hunderi	2017
Medlem	Nina Merete Sandvik	2017/2018
Vara	Ingrid Nordbye-Antonsen	2017

Medlemstalet var pr 31.12.2017 på 94 medlemmer som er ein nedgang på 18 medlemmer frå 2016.

Det har vore halde 3 styremøter og det har ikkje lukkast oss å arrangere medlemsmøte.

Økonomi

Klubben har grei økonomi med kr 109 945,- på brukskonto pr 31.12.2017. I samband med agilitystevnet oppretta me eigen konto for stevnet. Det vert òg ført eige rekneskap på agilitystevnet. Denne kontoen har saldo pr. 31.12.2017 på kr 57 220,-. Agilitystevnet gav oss eit godt overskot.

Aktivitet:

- ✓ Barnegruppa vart forsøkt starta opp, men grunna lite påmelding kom ikkje denne i gang.
- ✓ Agilitykurs: arrangert grunnkurs agility med lokale instruktørar. Kurs for vidarekomne vart avlyst grunna lite påmelding.
- ✓ Kvelpekurs: gjennomført 2 kvelpekurs og 1 kurs for unghund. God deltaking på alle kursa.
- ✓ Dugnad på klubbområdet: det har vore to gode økter med dugnad på området.

Treningar:

Mandagar har det vore faste treningar for kvardagslydigheit, konkurranselydigheit, rallylydigheit.

Tysdagar har det vore faste treningar for nybegynnar og vidarekomne i agility.

Søndagar har det vore konkurransetrening for agility.

Det er varierende deltakartal på treningane, men hausten vart det noko auka aktivitet og deltaking på alle treningane. Agility har hatt ein del nye innom og har nokon kveldar måtte dele treninga i 2 grupper.

Agilitystevne

7. – 9. juli 2017 arrangerte klubben sitt første agilitystevne. Stevnet gjekk over 3 dagar og me starta fredag med uoffisielle løp som var kvalifisering til finale og tittelen «Aordalsmeister 2017».

Laurdag og søndag var det offisielle løp i Agility og Hopp. Interessa for å komme til Årdal på stevne var enorm og til stor glede for oss som arrangør. Me hadde totalt 725 løp på 3 dagar.

Laurdagen arrangerte me barn og hund med god deltaking frå lokale og tilreisande hundar.

Årdal kommune stilte opp med fri bruk av anlegget på «Cuba», Klingenberg hotell med gode overnattingstilbod, verksemdar lokalt var rause med sponing og me fekk inn mykje flotte premiar frå leverandørar av hundeutstyr og for.

Mange frivillige stilte velvillig opp og hjelpte oss for å få stevnet gjennomført. Deltakarane kom til Årdal med ei positiv og hjelpsam innstilling til eit supre velstelte baner.

Til å vere vårt første stevne var me godt nøgd med heile arrangementet, men me hadde aldri klart det utan god sponing, kjekke og hjelpsomme deltakarar og fantastisk flinke og positive frivillige.

Tusen takk til kvar og ein for innsatsen!!!

Klubben fekk eit flott overskot på arrangementet som vert nytta til kjøp av utstyr og arrangere nye stevner.

Me er klar til ny stevnehelg 29. juni – 1. juli 2018 og håpar me klarar å skape like gode rammer denne gongen og.

Laila Røneid
-leiar-

Nina F. H. Hunderi
-nestleiar-

Bodil H. Selland Nordnes
- kasserar-

Elise Fretheim Neverdal
- sekretær-

Hilde Johanne Myklebust
- styremedlem-

Oskar Seim
- styremedlem-

Budsjett 2018 - Årdal hundeklubb

Budsjett 2018	Inntekter
Medlemskontingent	20000,00
Grasrotmidler	3000,00
Kurs	15000,00
Studieforbundet Natur og Miljø	3000,00
Grunnstønad – kulturmidlar	2000,00
Nøkkeldespositum	1000,00
Agilitystevne	50000,00
Sum inntekt	94000,00
Utgifter	
Treningsplassen	25000,00
Grasklyppar	25000,00
Gebyr	500,00
Straum	2500,00
Dugnad	2000,00
Styremøte/medlemsmøte/årsmøte	3000,00
Diverse forefallande	5000,00
Agilitystevne	20000,00
Kurs	10000,00
Sum utgift	93000,00
Overskot 2018	1000,-